



DET KONGELEGE ARBEIDS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 9

(2003–2004)

FOR BUDSJETTERMINEN 2004

Om støttetiltak for fiskerinæringa for 2004 mv.

*Tilråding frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet av 7. november 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Støtteramma for fiskerinæringa for 2003 vart fastsett ved vedtak i Stortinget 10. desember 2002, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 12 (2002–2003) og Budsjettinnst. S. nr. 8 (2002–2003). Avtaleramma var på 70 mill. kroner.

Norges Fiskarlag bad i brev av 30. oktober 2003 om forhandlingar om ein fiskeriavtale for 2004. Kravet frå Fiskarlaget var 265 mill. kroner.

Partane forhandla etter dette fram til den 5. november 2003 utan at ein klarte å bli samde. Regjeringa legg med dette fram forslag for Stortinget om støttetiltak for fiskerinæringa med ei ramme på 50 mill. kroner for 2004. I tillegg kjem forslag om endringar i løyvingane knytt til strukturtiltak. Desse forslaga er i samsvar med staten sitt endelege tilbod under forhandlingane.

2 Utviklinga i fiskerinæringa dei seinare åra og utsiktene for 2004

Budsjettnemnda sine lønsemdundersøkingar for dei seinare åra viser store variasjonar i arbeidsgodtgjersle og lønsevne for ulike fiskeri og fartøystorleikar. Etter ein generell oppgang fram til 1998 var det ein nedgang i arbeidsgodtgjersla og lønsevna per årsverk frå 1998 til 1999, jf. tabell 2.1. Frå 1999 til 2000 auka arbeidsgodtgjersla for fartøy over 13 meter i sildesektoren og for fartøy under 13 meter. For fartøy under 13 meter har også lønsevna auka frå 1999 til 2000. Frå 2000 til 2001 har både arbeidsgodtgjersla og lønsevna auka innan alle gruppene. Lønsevna har generelt hatt ei større endring enn arbeidsgodtgjersla. For fartøy under 13 meter kan ikkje tala for 2001 og 2002 samanliknast, medan det for fartøy over 13 meter ser ut til å bli ein nedgang i både lønsevne og arbeidsgodtgjersle frå 2001 til 2002.

Tabell 2.1 Arbeidsgodtgjersle og lønsevne per årsverk for den heilårsdrivne fiskeflåten og gjennomsnittleg årsløn for industriarbeidarar 1997–2002

	1997	1998	1999	2000	2001	2002 ¹	Endring i prosent 2001–2002
	1 000 kroner per årsverk						
Arbeidsgodtgjersle²							
Fartøy over 13 m	393	454	431	419	525	506	-3,6
– torskesektor	338	409	396	363	414	398	-3,8
– sildesektor	566	582	527	554	784	721	-7,9
Fartøy 8–13 m.	137	205	195	214	217	262	³
Lønsevne⁴							
Fartøy over 13 m	484	543	476	401	639	579	-9,4
– torskesektor	366	497	426	335	406	363	-10,7
– sildesektor	851	812	609	560	1191	1013	-15,0
Fartøy 8–13 m	132	216	191	218	223	267	³
Industriarbeidarløn ⁵	218	230	242	254	266	280	5,0

¹ Tala for 2002 byggjer på førebelse tal frå budsjettnemnda sine lønsemdundersøkingar per oktober 2003.

² Arbeidsgodtgjersle per årsverk viser avlønninga til fiskarar som står ombord i eit heilårsdrive fartøy heile driftstida til fartøyet det aktuelle året. For enkelte driftsformer kan det stå meir enn ein person bak eit årsverk.

³ Kriteria for heilårsdrift for fartøy under 21 meter er endra frå 2001 til 2002. Tala kan derfor ikkje samanliknast.

⁴ Lønsevna per årsverk gir uttrykk for kor mykje verksemda kan betale til innsatsfaktoren arbeidskraft etter at andre kostnader er dekte.

⁵ Tal frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera.

Tabell 2.2 Fangstkvantum og førstehandsverdi 1997–2003

	1997	1998	1999	2000	2001	2002 ¹	2003 ²
	1 000 tonn per årsverk						
Sildefisk mm.	2 021	2 167	1 939	2 078	2 053	2 080	2 203
– lodde	158	89	92	375	483	522	295
– sild	926	831	835	796	581	573	611
– makrell	137	158	161	174	181	184	157
– hestmakrell	47	13	47	2	8	37	40
– kolmule	348	671	535	553	574	558	840
– augepål/tobis	398	371	238	172	215	202	250
– anna	7	34	31	6	11	3	10
Torskefisk mm.	836	670	696	612	626	663	664
– torsk	401	262	257	219	209	229	201
– sei	184	194	198	169	170	204	235
– hyse	106	54	53	47	52	55	61
– lange/brosme	30	45	43	39	33	34	36
– reker	43	60	63	66	66	71	56
– skjel	0	0	0	0	1	1	1
– anna	72	55	82	72	95	69	74
Totalt	2 857	2 837	2 635	2 690	2 679	2 743	2 867
	Verdi i mill. kroner						
Førstehandsverdi	9 164	10 540	9 944	9 715	11 437	11 135	9 592

¹ Førebelse tal.

² Prognosar.

Tabell 2.1 viser utviklinga i arbeidsgodtgjersle og lønsevne per årsverk for den heilårsdrivne flåten, og tal for gjennomsnittleg årsløn for ein industriarbeidar i perioden 1997 til 2002.

Fangstutviklinga dei seinare åra har vore som vist i tabell 2.2.

Totalt fangstkvantum i 2003 vert litt høgare, medan førstehandsverdien vert lågare enn det partane la til grunn under forhandlingane i fjor. Prognosen for førstehandsverdien i 2003 ligg på om lag 9,6 mrd. kroner.

Forhandlingar mellom Noreg og Russland om norsk-arktisk torsk vert gjennomført i perioden 10.-14. november 2003. Forhandlingane med EU er venta ferdige i desember. Kvoten for norsk vårgytande sild for 2004 er heller ikkje ferdigforhandla, og medverkar derfor også til at inntektssida er usikker. Dersom ein held eksporten av oppdrettsfisk utanfor, var eksportverdien av fisk og fiskeprodukt i perioden januar til september 2003 i alt 10,2 mrd. kroner. Dette er ein nedgang på om lag 20 pst. i forhold til same periode i fjor. Eksportert kvantum er nær uendra, medan prisutviklinga har ført til ein verdinedgang på 19,6 pst. i perioden. For alle dei viktigaste artane har prisane falle, men auka kvanta har for nokre artar til ein viss grad kompensert for prisetilfallet. Det er særleg eksportverdien av sild og makrell, men også av torsk, som har vorte redusert i perioden januar til september 2003 samanlikna med same periode året før.

Totalt ser den økonomiske situasjonen i 2003 ut til å verte noko dårlegare for fiskerinæringa enn det som vart lagt til grunn under forhandlingane for 2003. Sjølv om prognosane for 2004 er usikre, peikar dei mot eit år med noko betre resultat enn i 2003.

3 Støttetiltaka for 2003

For 2003 vart det løyvd 70 mill. kroner i støtte til fiskerinæringa. Avtaleramma vart fordelt slik:

Tabell 3.1

Avtaleramme 2003	Mill. kroner
Føringstilskot	33
Garantilott	9
Driftstilskot lineegnesentralar	11,5
Fiskeforsøk og rettleiing	2,5
Reservebeløp	14 ¹
Totalt	70

¹ I tillegg vart det overført 20 mill. kroner til reserven frå tidlegare års avsetning til strukturtiltak, jf. § 7 i avtalen.

Ved utgangen av 2002 stod det att om lag 77 mill. kroner som vart overført til 2003. Summen av løyvd og overført beløp i 2003 er såleis om lag 147 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004) for Fiskeridepartementet, kap. 1040 post 70 Tilskot til støtte av fiskeria m.m.

Det var per 5. november 2003 utbetalt om lag 90 mill. kroner over kap. 1040 post 70, slik at det på dette tidspunktet stod att om lag 57 mill. kroner. Per 5. november 2003 står det att om lag 1 mill. kroner i udisponert beløp.

4 Om forslag til støttetiltak for 2004

I medhald av Hovedavtalen for fiskerinæringa av 3. juni 1964 bad Norges Fiskarlag i brev av 30. oktober 2003 om forhandlingar om ein fiskeritavtale for 2004. Fiskarlaget la fram eit krav på 265 mill. kroner. Kravet for 2003 var på 210 mill. kroner, medan krava for 2002 og 2001 var på 240 mill. kroner.

Norges Fiskarlag viser til at Stortinget gjennom dei overordna fiskeripolitiske målsetjingane har gitt fiskerinæringa ei spesiell rolle i nærings- og distriktspolitikken. Fiskarlaget konstaterer at desse måla står fast, og legg derfor til grunn at det framleis er staten sitt ansvar å finansiere verkemiddel som medverkar til å oppfylle desse målsetjingane. Norges Fiskarlag meiner at forhandlingane må fokusere på verkemiddel for å nå distrikts- og fiskeripolitiske målsetjingar, strukturtiltak, sosiale omsyn og fiskerinæringa sitt behov for pårekelege og stabile rammevilkår.

Norges Fiskarlag peiker i kravet på at Regjeringa, i forslaget til statsbudsjett for 2004, ikkje har sett av midlar til strukturfondet som vart etablert i juni 2003. Fiskarlaget legg til grunn at staten i ein avtale for 2004 må setje av eit beløp som minst tilsvorar næringa sitt bidrag. Samtidig understrekar Fiskarlaget at avsetjingar til strukturfondet ikkje kan gå ut over avsetjingar til andre naudsynte tiltak i fiskeritavtalen.

Norges Fiskarlag krev at det vert sett av midlar til dei same tiltaka som i inneverande år, det vil seie garantilott, føringstilskot, tilskot til drift av lineegnesentralar, ordninga med fiskeforsøk og rettleiingsteneste, tiltak i samband med fangst av sjøpattedyr og reservebeløp. Dei krev vidare at det vert sett av midlar til langsiktige tiltak, og har i samband med dette fokusert på strukturtiltak og arbeidet med biprodukt.

Forhandlingane varte frå 3. til 5. november 2003 utan at partane klarte å bli samde. Fiskarlaget hadde då redusert kravet sitt til 200 mill. kroner. Regje-

ringa legg med dette fram forslag for Stortinget om støttetiltak for fiskerinæringa med ei ramme på 50 mill. kroner for 2004. I tillegg kjem forslag om endringar i løyvingane knytt til strukturiltak. Desse forslaga er i samsvar med staten sitt endelege tilbod under forhandlingane.

Det formelle grunnlaget for overføringane til fiskerinæringa er Hovedavtalen som vart inngått i 1964 mellom staten og Norges Fiskarlag. Med denne avtalen innleia styresmaktene og Fiskarlaget eit samarbeid med sikte på å auke lønsemda i fiskerinæringa for at fiskarane skulle oppnå ei inntekt minst på line med inntektene i andre yrke, og slik at næringa etter kvart kunne gjerast uavhengig av statlege støttetiltak. Avtalen byggjer på det grunnsynet at ein ved utforminga av støtteordningane skal leggje vekt på tiltak som kan effektivisere fiske, tilverking og omsetning, og som kan fremje ei rasjonell utvikling i næringa sett under eitt.

Store deler av fiskerinæringa har no god lønsemd. Det er i år fastsett ordningar for strukturing som omfattar heile den heilårsdrivne fiskeflåten. Dette legg grunnlaget for ei lønsam utvikling i heile flåten, og det er Regjeringa si vurdering at måla i Hovedavtalen kan seiast å vere oppfylte.

Det er Regjeringa sitt overordna mål å arbeide for ei berekraftig og meir lønsam fiskerinæring.

Auka lønsemd i næringa er viktig for å kunne sikre arbeidsplassane og busetjinga.

Regjeringa meiner at ut over løyvinga til strukturiltak, er 50 mill. kroner nok til å dekkje opp naudsynte løyvingar på kap. 1040 post 70 i 2004.

5 Strukturiltak

Regjeringa foreslår at avgiftssatsen for strukturavgifta blir sett til 0,35 pst., og at inntektsløyvinga på kap. 4040 post 01 Strukturavgift for kapasitetstilpassing i fiskeflåten blir endra til 35 mill. kroner.

Regjeringa foreslår vidare ei statleg medfinansiering av strukturfondet på 35 mill. kroner, slik at samla løyving på kap. 1040 post 71 Tilskot til strukturiltak for kapasitetstilpassing i fiskeflåten blir 70 mill. kroner.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om støttetiltak for fiskerinæringa for 2004 mv.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om støttetiltak for fiskerinæringa for 2004 mv. og endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet 2004 i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om støttetiltak for fiskerinæringa for 2004 mv. og endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet 2004

I

I statsbudsjettet for 2004 blir det løyvd under følgjande kapittel:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kr
1040		Fiskeristøtte og strukturiltak, jf. kap. 4040	
	70	Tilskot til støtte av fiskeria m.m., <i>kan overførast</i>	50 000 000
	71	Tilskot til strukturiltak for kapasitetstilpassing i fiskeflåten, <i>kan overførast</i> , løyvast med	70 000 000
mot tidlegare foreslått kr 77 000 000			

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kr
4040		Fiskeristøtte og strukturiltak, jf. kap. 1040	
	01	Strukturavgift for kapasitetstilpassing i fiskeflåten, løyvast med	35 000 000
mot tidlegare foreslått kr 77 000 000			

II

Forslag til romartalsvedtak VIII under Fiskeridepartementet i St.prp. nr. 1 (2003–2004), endrast til:
«Strukturavgift

Stortinget samtykker i at strukturavgifta på førstehandsomsetning av fisk i 2004 blir sett til 0,35 pst. av førstehandsverdien av landa fisk i 2004.»

=====

